

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9/2 Fylke: N=Trøndelag
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Frol
 Emne: Gamal engkultur Bygdela g: Frol
 Oppskr. av: Arne Vardehaug Gard: Sørholt
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ein kjenner alle uttrykk . " Eker" er vel det opp=
 havelege . Attleget hugsar eg frå eg var ungen (1900) .
 Ein måtte passa så ikkje krøttera kom på attlegget om
 hausten . Attleget var der ein om våren hadde sådd i gras=
 frø , og nå var kornet inne. Tjukkeng og småeng er ~~KemXX~~
 nemningar eg hugsar.

Utslåttar var mesta på tyrre fjellmyrar . Namna ~~X~~
 viser at gardane hadde sine faste " slætter" . Som
 Tynnesslätte , Tingstadslätte m.fl. Men vi har eit bureis=
 ingsbruk i bygda som heiter Slätte . Staden hadde vel
 vore husmandsplass og heitte slette før bruket (plassen)
 vart skipa.

Mosevakse eng kunne oppfriskas med naturgjødse l.
 Men det er lenge sidan ein gjorde det på den måte . Det
 var før århundradskifte.

Ein kan sjå merkar etter avskjeringsgrøfter også
 i fjellet. Vatning har aldri vore bruka på eng frå gammalt
 Frå gammalt har eng vore gjødsla med vintergjødse l
 men neppe utslåttar.

Namnet fraueng kan endå sitte i og i Innherad ,
 og eg hugsar at frausiget frå gjødse l plass har vore leid
~~uXXg~~ utover i grunne veiter..

Frå eg var barn har "gjødse l gaffel" som dei nå
 er vore bruka . Eg hugsar då at eg på sume gardar såg
 jarnskodde tregaflar. Men eg har ikkje sett dei i bruk

Husdyrabeita enga om hausten . Og det var vel
 for å skaffa dyra mat. Endå vert enga jamt over beita
 om hausten , men ikkje (eller mykje mindre) om vårane .

Kjenner , frå før , ikkje annan måte for dyra
 om natta en å ha dei i fjøs , og då mesta om sumaren i
 sumarfjøs . Det låg oft es ved ein hamnehage og ved dyr=
 kajordet. Gjødsla der vart bruka som anna naturgjødse l.

Små trøer for å mjølka i har det vore og er
 endå.

På sætrane har sætervollen vore inngjerda
 og gjødsla med gjødsla frå sætren . Nå er det ikkje noe
 slått korkje på sætra eller på slætteslætterne. For ein
 30-40 år kom denne driftsforma bort.